

Øystese sokneråd
5610 Øystese
Sakliste, Øystese Sokneråd

Stad: Øystese kyrkje
Dato: **tysdag** 05.11.2024
Tid: kl. 19.00-2100
Soknerådsmøta er opne.

Dato: 05.11.24		
Innkalla : Roar Strømme, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjørn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje		
Ref: Anne Christin Myklebust		
Ikkje til stades: Hilde Måge Kristiansen		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	<p>Nytt om prestestillinga? Ny søknadsfrist 10.11. Usikkert kor mange søkjarar me får. Dersom det ikkje kjem søkjarar, vurderer prosten «prest under utdanning». Dette har vore gjort i bl.a. Austevoll. Sokneråda må då evt. ta stilling til dette. Me tek det opp i seinare møter om det vert aktuelt.</p> <p>Økonomi: på konto 60 000. Tidlegare referat viser at ungdomskoret skal ha 10 000. Øystese indremisjon har fått løyve på 5000 (til lån av bedehuset). I fjor gav me 10 000 til organistkontoen. I år har organisten gjeve pengar til solistar og andre som har bidrege i gudstenester, men det er ikkje mykje pengar brukt frå denne kontoen.</p> <p>Ein kollekt har vore til kyrkjemusikalsk arbeid. Mogleg at det har vore betre med ein fast sum til dette arbeidet.</p> <p>Søndagsskulen har eit lite budsjett, medan barnekoret har relativt god økonomi (ca 50 000 kr).</p>

		Soknerådet avgjer i dette møtet at me gjev 5000 frå legatsfondet (diakonimidlar) til søndagsskulen.
2	Evaluering av gudstenester	<ul style="list-style-type: none"> - Gudsteneste - Trusopplæring - Føremiddagstreff (det siste no 5.11)
3	Julekrybbe	<ul style="list-style-type: none"> - Intitiativ til at også Øystese kyrkje skaffar seg julekrybbe – til komande jul - vidareføring frå sak i oktober. Olav meiner at det er noko frå tidlegare. Kjell undersøker.
4	Kyrkjemusikalsk plan – revidering og oppsummering av status for planen	<ul style="list-style-type: none"> - Kantor blir tilstades i møtet. <p>Barnekoret først:</p> <p>Foreldrekontakt/styrerepresentant Lars Hogne Berge fortel at det er 21 medlemmer. Det er mykje aktivitet i barnekoret. Deltek i 2 gudstenester i halvåret. Her deltek dei som både «med-liturgar» og har ulike oppgåver i samband med gudstenesta. Har egne konsertar også, td. Luciakonsert. Deltek på ein del andre arrangement bl.a. Luciakonsert i Grieghallen og Sangskatten, også i Grieghallen, saman med andre born og ungdomar.</p> <p>Dirigenten er betalt av fellesrådet. Soknerådet ser barnekoret som verdifullt og ynskjer å ha dette framover, også om rammevilkåra vert endra.</p> <p>Sevi fortel at årshjulet til kyrkjemusikalsk plan er tett samkøyrd med planen for trusopplæringa.</p> <p>Organisten har ei unik rolle som må ivaretakast. Det vart diskutert at det er stadig aukande personlege ynskjer kring både bryllaup og gravferd der ein nyttar playback.</p> <p>Soknerådet synest at kyrkjemusikalskplan er god. Me kan sjå på planen att i 2026, men i 2027 skal planen reviderast.</p>

5	Val av liturgi for Øystese kyrkjelyd	<ul style="list-style-type: none"> - Framlegg til vedtak: Øystese sokneråd tilrår for soknemøtet at ein vedtek same liturgien for hovudgudstenestene i Øystese sokn som Vikøy og Strandebarm no har og som Ålvik sokneråd har tilrådd. D.v.s.: - Høgmesse: Allmenn serie 1 med faste og fest-variantane. - Gudsteneste tilrettelagde for barn og unge: Allmenn serie 2. - Ordninga trer i kraft når nytt kyrkjeår startar, altså 1. søndag i advent 2024
6	Kyrkjelydsoffer med skattefrådrag. Vurdering om soknet skal gå inn på ei ordning der gåvene gjev skattefrådrag for den enkelte (Solidus-Vipps)	<ul style="list-style-type: none"> - Soknerådet tenkjer at ein ikkje treng å gå inn på den ordninga.
7	Vurdering av om ein vidarefører ordninga med ein fast misjonsorganisasjon for soknet. HimalPartner har hatt denne statusen i mange år i vårt sokn	<ul style="list-style-type: none"> - Saka blir utsett.
8	Kvalitetssikring av oppgåver neste månad	<ul style="list-style-type: none"> - Lys vaken. 16.11/17.11 Mampion treng hjelp. Brigit Sigve sovande nattevakt. Manglar vakne nattevakter. (To stk). Startar kl. 1800 på laurdag. Hilde og Anne Britt er kyrkjevertar på søndagen. Aina kan steike vaflar (leverast i 20-tida på laurdagskvelden). Kva med å bruka Framneselevar til hjelp? - Legoklubb. Mari Laupsa kan hjelpa saman med ein Framneselev ei gong. Aina skal hjelpa til med ein Framneselev andre gong.
	Eventuelt	
		Møtet vert avslutta med "Vår far".